

<p>Lyngheisenteret, som kan verte synleg både nasjonalt og internasjonalt, i staden for eit dødt museum. Kommunen lyt gå i dialog med lokalsamfunnet.</p>	
<p><i>Arne Aase, for Marie Moberg og Olav A. Aase, 78/35, 74, 156 og 158</i></p>	
<p>Gjeld innspel 46.</p> <p>Areal til fritidsbustader (FB3 i plankartet)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ønskjer at avgrensinga av området vert endra og at funksjonell strandsone og byggjegrense vert justert. Slik området ligg no vil ikkje nye fritidsbustader få utsikt mot sjø. I innspelet deira om plassering av nye fritidsbustader, sendt inn i 2008, var gjort etter nøye vurdering av topografi og ut frå eit ønskje om ei plassering som ikkje gjev vesentleg negativ effekt for allmenta. - Egedomane 58/156 og 58/35 er endra frå fritidsbusetnad til LNF. Dette er uheldig, ettersom den eine egedomen er bebygd og den andre har fått byggjeløyve. 	<p>Ivaretaking av strandsona er eit nasjonalt mål, og kommunen kan ikkje opne for utbygging nærmare sjøen enn det som er foreslått. Ei slik endring vil også medføra at planen må på ny høyring.</p>
	<p>Når det gjeld eksisterande hytter, er det også her dei nasjonale retningslinene som gjer at områda er sett av til LNF i staden for fritidsbusetnad som før. Med den nye plan- og bygningslova ville areala uansett fått eit byggjeforbod, uavhengig av om området er sett av til fritidsbusetnad eller LNF.</p>
<p>Areal til naust</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ber om at dette arealet vert vurdert på nytt. Ønskjer plass for 3 smånaust. Tilgang til eit naust er viktig for å sikra moglegheit til lagring av båt og utstyr knytta til fangst og fiske. Nytt areal vert foreslått, trekt noko opp frå sjøkanten, noko som gjev mindre inngrep i naturen og vil medføra god tilkomst til strandlinja framom nausta. 	<p>Når det gjeld naust, går det fram av KU at: »Naust i 46 vil føre til privatisering av verdifull strandsone.« Sjølv om avgrensinga vert endra, vil nye naust her uansett føra til negative verknader for strandsona. Fylkesmannen er også klart på at nye naust berre unntaksvis bør tillatast i område der det ikkje er konfliktar med andre interesser. I samfunnssdelen er det også eit overordna arealmål at naust helst skal løysast i tilknyting til småbåthamn. Like i nærlieken finst småbåthamn, som også vil få tilbod om vinterlagrign av båtar. Ein kan difor ikkje sjå behov for naust i dette området. Endring av planen vil medføra ny høyring.</p>
<p>Omsynssone friluftsliv på egedomen 58/74</p> <ul style="list-style-type: none"> - Arealet som er omfatta er i dag beplanta og brukt til skogproduksjon, med unntak av arealet nærist sjøen. Ber om at området vert vidareført som LNF. - Ut frå storleik og plassering med omkringliggjande fritidsbustader vil arealet ikkje vere tenleg til annan bruk enn det som det vert brukt til i dag. Lygra har allereie eit større område til friluftsliv i tilknyting til Lyngheisenteret. - Området i Breivika på Børøyni er med i planområdet og er meir eigna for friluftsliv. Området er ubebygd og skjerma og heller ikkje så evjete. 	<p>Omsynssone friluftsliv er teke inn for å gje eit ekstra vern av området ned mot sjøen. Omsynssona er retningsgjevande, og det er uansett LNF-føremålet som er den juridiske arealbruken i området.</p>
<p><i>Jacob og Anna K. Valle, 83/1</i></p>	
<p>Innspelet gjeld flytting av naust innafor Neset hyttefelt. Dette er ein reguleringsplan som vert oppheva i kommunedelplanen. Flyttinga gjeld to naust frå eksisterande naustområde til nytt foreslått naustområde i ei vik eit lite stykke unna.</p>	<p>Flytting av nausta vil innebere eit mindre inngrep i landskapet enn gjeldande plassering. Vika som er foreslått er ikkje nytta til bading, badevika finn ein litt lenger sør. Administrasjonen har vore på synfaring i området, og har konkludert med at flytting av naustområdet ikkje er problematisk, men vil gjera tilkomst til naustområdet og gjennomføring av prosjektet enklare, med mindre inngrep. Endringa vert sendt på avgrensa høyring til berørte partar.</p>
<p><i>Hardaland fylkeskommune</i></p>	